



Prosjektstyring Vest As
Kjersti Berge Skråmestø
Postboks 66
5318 STRUSSHAMN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5861 - 23/29275

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
18.04.2023

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 491/27 Kvitstein

Tiltak: Utviding av kai - dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 491/27
Tiltakshavar: Tor Hugo Bauge
Ansvarleg søkjar: Prosjektstyring Vest As

Saka gjeld klage på delegert vedtak av 24.09.2022 om avslag på søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjøen, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 1-8, LNF- (landbruk-natur og friluftsliv) – føremålet og arealføremålet bruk og vern av sjø sett i kommuneplan for Radøy kommune rev. 2019 sin arealdel jf. Pbl §11-6 for utviding/etablering av kai. Det delegerte vedtaket omhandlar også søknad om tiltak i form av søknad om rammeløyve for utviding/etablering av kai på gbnr 491/127 og delvis inn på naboeigedom 491/30.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 08.02.2023, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 029/23 Vedtak:

Klagen vert teken til følgje og tidlegare vedtak gjort i saka vert oppheva. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF formål og arealformål bruk og vern av sjø sett i kommuneplan for Radøy kommune. rev. 2019 sin arealdel jf. Pbl §11-6 for utviding/etablering av kai.

Det er to vilkår som må vera oppfylt for at kommunen kan gje dispensasjon etter pbl. §19-2.

- For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå, omsyna i lovens føremålsbestemmelse eller nasjonale og regionale interesser ikkje verta vesentleg sett til side,

jf. pbl. §19-2 andre ledd første punktum.

- For det andre skal fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf. pbl. §19-2 andre ledd andre punktum. Begge vilkåra må vere oppfylt for å kunne gje dispensasjon.

AMP har følgjande grunngjeving for å gje dispensasjon:

- APM ser ikkje at tiltaket øker privatisering av strandsonen. Det samme gjelder inntrykket fra sjøside.
- På grunn av tøffe værforhold i Mangerfjorden er det nødvendig med utbedring av en eksisterande kai.
- Videre er det en liten båt det skal tilrettelegges for (15 fot) og det er difor små endringer og inngrep som tiltaket vil medføre.

Etter ei samla vurdering meiner APM difor at fordelane ved å gi dispensasjon på vil vera klart større enn ulempene."

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om utviding/etablering av kai - gbnr 491/27 Kvitstein
Søknad om rammeløyve - dispensasjon - 491/27 Kvitstein
Dispensasjonssøknad
Nabovarsel
Kvittering for nabovarsel
Situasjonsplan
Tegning ny fasade E1 Fasade og plan, 06.07.22
Følgebrev
Signaturbekreftelse

Vedlegg:

Erklæring i fast eiendom.pdf

Vedleggsopplysninger.pdf

Forhåndsuttale til - Søknad om utvidelse av eksisterende kai - gbnr 491/27 Kvitstein

Klage på avslag på søknad om utvidet bruk av eksisterende kai gbnr 491/27 Kvitstein

D2 - A10-01 Situasjonsplan

Avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for utviding/etablering av kai - gbnr 491/27 Kvitstein

Uttale - gbnr 491/27 Kvitstein - utviding av kai - dispensasjon

Vedtak av 18.12.2013 med saknr. 105_13 og arkivsaknr. 13_823 - gbnr 91_29 Kvitstein

Kopi til:

Prosjektstyring Vest As
Tor Hugo Bauge

Postboks 66
Holtaåsen 20a

5318 STRUSSHAMN
5239 RÅDAL

Mottakarar:

Prosjektstyring Vest As
Tor Hugo Bauge

Postboks 66
Holtaåsen 20a

5318 STRUSSHAMN
5239 RÅDAL